



Bilde 1 Fra testløpet i 2018

## RACE MANUAL 2021

---

Før du registrerer deg må du lese og forstå dette dokumentet før dei stiller på startstreken til Dynafit Hardangerjøkulen Ultra 95k. Det er avgjerande at du er klar over kva løpet krev både av førebuingar og gjennom heile løpet.

**Xtremeidfjord føl nasjonale og lokale retningslinjer for smittevern og forventar at alle deltakarane gjer det same når dei kjem til våre arrangement!**



# HARDANGERJØKULEN U L T R A

## Register

<b>1. PRISER .....</b>	<b>3</b>
<i>Deltakaravgifta inkluderer:.....</i>	<i>3</i>
<b>2. REGLER FOR AVMELDING .....</b>	<b>3</b>
<b>3. AVLYSING .....</b>	<b>3</b>
<b>4. REGISTRERING/PRE-RACE MØTE .....</b>	<b>3</b>
<i>Minimumskrav til utstyr:.....</i>	<i>4</i>
<i>Pre-race møte: .....</i>	<i>4</i>
<b>5. STARTEN VED LISETH PENSJONAT OG HYTTETUN .....</b>	<b>4</b>
<b>6. LØYPEBESKRIVING.....</b>	<b>5</b>
<i>Start-Finse – avstand 38 km .....</i>	<i>6</i>
<i>Finse-Krækkja – avstand 24 km.....</i>	<i>6</i>
<i>Krækkja-Kjeldebu – avstand 15 km.....</i>	<i>6</i>
<i>Kjeldebu-mål – avstand 18 km.....</i>	<i>6</i>
<i>Sjekkpunkt .....</i>	<i>6</i>
<i>Matstasjonar: .....</i>	<i>7</i>
<b>7. CUT-OFF TID .....</b>	<b>7</b>
<i>Cut-off tid Finse.....</i>	<i>7</i>
<i>Cut-off tid Krækkja.....</i>	<i>7</i>
<b>8. REGLAR .....</b>	<b>8</b>
<i>Aldersgrense .....</i>	<i>8</i>
<i>Obligatorisk utstyr.....</i>	<i>8</i>
<i>GPS-Rute .....</i>	<i>8</i>
<i>Tracker .....</i>	<i>8</i>
<i>Generelle regler .....</i>	<i>8</i>
<i>Regelbrot.....</i>	<i>8</i>
<b>9. OVERNATTING.....</b>	<b>9</b>
<b>10. PREMIEUTDELING.....</b>	<b>9</b>
<b>11. EIGENERKLÆRING .....</b>	<b>10</b>



## 1. PRISER

Deltakaravgifta for Hardangerjøkulen Ultra 95k 2020 er kr 1.600 til 31. januar og 1.995 etter 1. februar.

Påmeldinga er open til og med 30. juni

### Deltakaravgifta inkluderer:

- Deltaking i eit fantastisk løp i urørt natur på Hardangervidda
- Sportsdrikke og lett mat på sjekkpunkt/matstasjoner
- Dynafit caps
- Finisher skjorte
- Elektronisk tidtaking med tracker under løpet.
- Varmt måltid etter målgang

Det er mulig å legge igjen kler som ikkje er nødvendig for løpet på starten ved Liseth Pensjonat og Hyttetun.

## 2. REGLER FOR AVMELDING

Deltakaravgifta vil ikkje bli refundert, med mindre deltakaren kan legge fram gyldig legeattest (attest frå fysioterapeut er ikkje gyldig) Eit beløp på kr. 150,- vert trekt frå deltaravgifta for å dekke administrative kostnader

Deltakaravgift blir ikkje refundert for løparar i covid19 karantene.

Etter 1. juli vil deltaravgifta ikkje bli refundert, uansett årsak. Det er heller ikkje mogeleg å overføre deltaravgifta til seinare års løp. Ein startplass i Dynafit Hardangerjøkulen Ultra 95k er personleg, plassen kan ikkje seljast eller gis bort til andre. Desse reglane er til for å beskytte arrangementet økonomisk, og av sikkerhetsmessige grunner.

## 3. AVLYSING

Dersom løpet må avlysast på grunn av covid-19 vert heile deltaravgifta refundert utan administrasjonsgebyr.

Dersom værforholda gjer at det ikkje er forsvarleg å starte løpet den 10. juli vil det verta gjort ei vurdering om løpet kan starte ein dag seinare den 11. juli til same klokkeslett. Dersom ikkje noko av dette let seg gjera så vert ikkje deltaravgifta refundert.

## 4. REGISTRERING/PRE-RACE MØTE

Registreringa vil finna stad i Eidfjord Samfunnshus ved sida av Lægreid skule i Eidfjord. Registreringa vil vera fredag 9. juli frå 18:00-20:00

Ta med sekken som de skal springe med, til registreringa. Det vert gjennomgang av sekken for å kontrollere at den inneheld minimumskrav til utstyr/kle. Det vert også kontrollert at gps fila er lasta opp på handheldt gps.

Det vil vera mulig å frakte ein sekk/bag til Finse, denne må sjekkast inn fredag kveld, og den får de ikkje tilgang til før de kjem til Finse. Sekken må merkast med startnummer før innlevering. Ver obs på at sekken kanskje ikkje kjem tilbake til Liseth før kl 20:00 på grunn av få transportmuligheter frå Finse.



### Minimumskrav til utstyr:

- Vindsekk/Jervenduk/redningsfolie
- GPS med innlagt løype, denne finn de på heimesida til Xtremeid fjord. Presiserer at det må vera handholdt gps. Gps på klokke er ikkje tilstrekkeleg.
- 4 stk ekstra batteri til GPS
- Hovudlykt med ekstra batteri dersom dei ikkje er oppladbare
- Kart og kompass (kart «Hardangerjøkulen» Norges serien kartbutikken.no)
- Ull undertøy (øvre og nedre)
- Hue
- Hanskar
- Vind- og vatn tett jakke og bukse
- Mat til mellom sjekkpunkt
- Fullada mobil

### Pre-race møte:

Det vert pre-race møte i Eidfjord samfunnshus fredag 9. juli kl: 20:30, etter registrering. Her vert det gjennomgang av løypa og sikkerheit. Det vert opning for spørsmål.



Bilde 2 Hallvard Schjølberg under testløpet i 2018


### 5. STARTEN VED LISETH PENSJONAT OG HYTTETUN

Liseth Pensjonat og Hytter er knutepunktet for heile arrangementet. Det er der du møter opp. Det er ingen transport til/frå starten på Liseth frå/til Eidfjord sentrum.



**HARDANGERJØKULEN  
U L T R A**

Starten går lørdag 10. juli kl 07.00 presis. Trackere vert utlevert før start så berekn deg god tid slik at du rekk å hente tracker før starten går. Sjå vedlagde kart over start- og målområdet. Det er litt begrensa med plass til parkering på Liseth så ein må berekna å parkere litt unna start-/mål området. Det er mulig å overnatte på Liseth pensjonat og hyttetun. Link til bestilling: [Liseth Pensjonat & Hyttetun](#)



## 6. LØYPEBESKRIVING

Distansen på Dynafit Hardangerjøkulen Ultra er 95 km.

Det er ingen/dårleg mobildekning i løypa og det er lange avstandar mellom sjekkpunkta. Følgjande sjekkpunkt; Finse 38 km, Krækka 62 km og Kjeldebu 77 km.

Ruta følger Den Norske Turistforeininga sitt rutenett heile vegen, unntatt siste stykke inn mot mål, der vil løypa vera merka med merkeband. Alle deltagarar må ha handheld GPS for navigering . GPS på klokke eller telefon er ikkje tilstrekkeleg. Det vil ikkje vera noko form for merking i trase av km, vegkryss eller liknande. Løypa går i fjellterreng på sti, nokre enkle og nokre veldig teknisk krevjande. Det kan også vera snødekket ein del av løypa. Ver merksam på at det er eit krevjande terreng med mange høgdemeter.

Det er lange avstandar mellom hytter, og veret skiftar fort på Hardangervidda. Det er viktig at de har sekk med innhold for å klare dykk åleine i fjellet nokre timer dersom noko skulle oppstå. Det vil vera crew i Rembesdal, crew og matstasjon på Finse, crew og matstasjon på Krækka og crew og matstasjon på Kjeldebu. Deltakarar kan bli tatt ut av løpet langs heile traseen av crew eller helsepersonell, dersom dei vurderer at det ikkje er forsvarleg å fortsetja.



Me anbefaler på det sterkeste at alle deltar tar ein nøye kikk på heile ruta på detaljerte kart før de deltar i løpet.

GPX spor er tilgjengeleg for nedlasting her: [Xtremeid fjord](#)

### **Start-Finse – avstand 38 km**

Den første delen går i teknisk krevjande terreg og kanskje den mest krevjande delen av heile løypa med mange høgdemeter å passere. Du spring på fine stiar, på ulendte stiar, på berg og i steintrøyser. Her får du absolutt alt du kan ønske deg av fjellterregn.

Når du passerer crew på Rembesdalsseter bør du passe på å fylle vatn flaskene. Då venter eit lengre parti utan moglegheit for å fylle vatn. Løypa rundar rundt vatnet og fortset opp ei steinur og vidare ein seig stigning opp svaberga. Det er snødekte områder i løypa og ver spesielt merksam på kantar på eventuelle snøfennar då kantane lett kan knekke.

Løypa vil ta deg rundt Hardangerjøkulen og du vil kunne få panoramautsikt mot Hardangerfjorden. Stien er veldig krevjande så hold fokus.

### **Finse-Krækkja – avstand 24 km**

Det er jann stigning frå Finse og mot Krækkja det første stykket. Det er steinete terreg og noko småkupert. Løypa startar ut frå Finsehytta langs Rallarvegen nokre hundre meter, før ein tek vidare inn på sti. Det er viktig å følgje merking mot Krækkja og ikke Kjeldebu. Det siste partiet langs vasskanten er noko mindre steinete før Krækkja plutsleg dukkar opp bak ein haug i enden av vatnet.

### **Krækkja-Kjeldebu – avstand 15 km**

Frå Krækkja til Kjeldebu er det fin sti springesti i slak nedoverbakke. Dette er den desidert enklaste og kortaste etappen. Løypa startar same vegen som ein kom ifrå, men ein tek raskt til venstre og vidare merking mot Kjeldebu. Kjeldebu er ikkje sjølve DNT-hytta, men ligg på nordsida av Fisketjørna.

### **Kjeldebu-mål – avstand 18 km**

Den siste delen av løypa ligg foran deg. Det er lengre til mål enn ein trur. Kanskje kjem mørket på deg og du må ta fram hovudlykt. Løypa følgjer slakt nedover før ein kryssar elva før ein startar ein bratt og seig oppoverbakke. Det er fleire stiar som kryssar, men ein skal følgje skilting mot Liseth. Det siste stykket inn mot mål er merka med merkeband.

### **Sjekkpunkt**

Det er viktig at alle er innom hytta på Finse, Krækkja og Kjeldebu, då dette er sjekkpunkt. Det er viktig at det vert gitt tydeleg beskjed dersom ein bryt løpet.



# HARDANGERJØKULEN U L T R A



Bilde 3 Matstasjon Krækkja

## Matstasjonar:

Finse 38 km – tomatisert kjøttsuppe og brød, nötter, bananer, vatn og sportsdrikk.

Krækkja 62 km – tomatsuppe, brødmat, bananer, vatn og sportsdrikk

Kjeldebu 77 km – nötter, bananer, rett i koppen, vatn og sportsdrikk

Liseth 95 km – cola og betasuppe

Det kan vera greitt å fylle vatn der det er mogleg, for det kan vera lange avstandar mellom moglegheit for å fylle vatn.

## 7. CUT-OFF TID

### Cut-off tid Finse

Alle deltagarar må vera på sjekkpunkt Finse innan kl 15:30 og alle må forlate matstasjonen på Finse seinast kl 15:45 og bestå medisinsk sjekk for å fortsetja løpet.

Me gjer merksam på at dersom de bryt på Finse så MÅ de vente til det går tog og ventetid må påbereknast.

### Cut-off tid Krækkja

Alle deltagarar må vera på sjekkpunkt Krækkja seinast kl 21:00 og forlate matstasjonen på Krækkja seinast kl 21:15 og bestå medisinsk sjekk for å fortsetja løpet.



Dersom de bryt på Krækkja MÅ de gå ut til hovudvegen som er om lag 6 km. Etter Krækkja er det lengre avstand tilbake til veg og me gjer merksam på at me ikkje har nokon form for transport ut av løypa.

## 8. REGLEAR

Reglane er eit minimumskrav. I tillegg forventast sunn fornuft og omsyn til fjellet frå alle deltagarar. Reglar kan verta endra på grunn av værforhold. Me stolar på at de vil bruke sunn fornuft og setja i verk tiltak dersom de ser at andre deltagarar treng nødhjelp.

### Aldersgrense

Aldersgrense for å delta på Dynafit Hardangerjøkulen Ultra er 18 år.

### Obligatorisk utstyr

Alle deltagarar må ha det obligatoriske utstyret i ryggsekken for løpet. Det vert tilfeldige kontrollar før start laurdags morgen og dersom ein manglar nødvendig utstyr fører dette til at de ikkje får starte.

### GPS-Rute

Ruta er ikkje merka. Rute med vegpunkt for GPS må lastast ned her: [Xtremeidfjord](#) og installerast på GPS-eininga di før registrering. GPS-klokker eller GPS på telefon godtas ikkje. Ruta må følgjast til ei kvar tid. Ver snill å studer løypa før start.

### Tracker

Tracker må festast slik at antennen har fri sikt mot himmelen og bærast under heile løpet. Trackeren er eit viktig sikkerhetsapparat for arrangøren, men det er også kjekt for familie og venner å følgjar utøvaren på nettet under løpet. Dersom trackeren går tapt, er det utøvaren sitt ansvar å erstatte tracker. Pris for å erstatte tracker er 500 NOK.

### Generelle regler

- Eigenerklæringsskjema skal signerast og leverast ved registrering i Eidfjord (ver snill å skriv ut og signer skjemaet før du kjem til registrering).
- Det er ikkje tillat å kaste søppel underveis. Søppel skal takast med til sjekkpunkt og/eller mål. Kasting av søppel kan føre til diskvalifikasjon.
- Arrangøren kan ta deltagarar ut av løpet av sikkerhetsmessige årsaker.
- Ved særskilte værforhold og andre sikkerhetsmessige årsaker, kan arrangør holde igjen utøvar på sjekkpunkter. Utøvar som deltar i Dynafit Hardangerjøkulen Ultra må ta høgde for at løpet kan verta stoppa underveis dersom veret ikkje gjer det forsvarleg å fortsetja.
- I nødssituasjoner plikter alle deltagarar å hjelpe.
- Det er tillat å ha følge med seg frå Krækkja eller Kjeldebu til mål, men denne personen har same krav til å kunne klare seg sjølv i fjellet utan hjelpe. Det vert ikkje satt opp nokon form for transport.

### Regelbrot

Straff/diskvalifikasjon kan gis ved brot på reglementet, usportslig opptreden eller om deltagar med hensikt utset seg sjølv eller andre deltagarar for unødig risiko. Straff kan av arrangør idømmast som tidstillegg eller diskvalifikasjon.



**HARDANGERJØKULEN  
U L T R A**

Deltakarar som vel å bryte løpet må sjølv ta seg ut av fjellet, med mindre skade/sjukdom tilseier at arrangør organiserer transport ut av fjellet



Bilde 4 Jostein Børve Hernes

## 9. OVERNATTING

Starten går fra Liseth Pensjonat og Hyttetun og dei har rom og hytter til utleige, følg vedlagt link for booking:  
[Liseth Pensjonat & Hyttetun](#)

Elles så ver venleg å ta kontakt med overnattingstadene i Eidfjord for tilbod på overnatting i samband med Dynafit Hardangerjøkulen Ultra. Det kan vera ein fordel å vera tidleg ute då løpet går i høgsesongen for turistnæringa i Eidfjord. De kan finne ein oversikt over overnattingstadene i Eidfjord på [Destinasjon Eidfjord](#)

## 10. PREMIEUTDELING

Alle som fullfører vil få ei finisher skjorte levert av Dynafit. Det vert finisher seremoni søndag 11. juli kl: 11:00 ved Liseth Pensjonat og Hyttetun.



## 11. EIGENERKLÆRING

Eigenerklæring skal leverast ved innsjekking i Eidfjord. Ver snill og skriv ut skjemaet og signer det før registrering.

Ved å signere dette dokumentet er eg klar over og einig i følgande:

- Eg er klar over risikoen og farane ved å delta i dette løpet.
- Eg er klar over at arrangementet kan ta lengre tid enn forventa.
- Eg er klar over at arrangementet kan endrast eller avlysast dersom det ikkje er sikkerhetsmessig forsvarlig å gjennomføre arrangementet og at startavgifta då ikkje vert refunderte.
- Eg stadfestar at eg er i god fysisk form.
- Eg veit kva eg skal gjera dersom ein nødssituasjon oppstår.
- Funksjonærar kan kor tid som helst ta meg ut av løpet dersom det er helsefarleg eller uforsvarleg for meg å fortsetja løpet.
- Deltaking skjer på deltagars eigen risiko.
- Arrangøren kan publisere bilder av deltarane utan å spørje om tillating.
- Løypa er ikkje merka. Eg kan navigere i høgfjellet med GPS
- Eg pliktar å hjelpe andre dersom det oppstår ein nødssituasjon.
- Eg kan legge inn waypoints/rute på GPS, og bruke GPS utan hjelp i fjellet.
- Eg veit kva eg skal gjera dersom eg vert overraska av uvær

Stad \_\_\_\_\_ Dato \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
Deltakarens namn (med blokkbokstaver)

\_\_\_\_\_  
Deltakarens underskrift

\_\_\_\_\_  
Namn på nærmaste pårørende (med blokkbokstaver)

Telefonnummer til nærmaste pårørende inkludert landskode: \_\_\_\_\_